

Visitasforedrag på visitas i Luster 31. august 2025

Kjære kyrkjelydar i Luster: Fortun, Dale, Nes, Gaupne, Jostedal, Fet og Joranger, Hafslo og Solvorn.

Takk for fine visitasdagar. Gjennom gudstenester, møter og gode samtalar med tilsette og sokneråd har eg blitt godt kjent med kyrkjene og kyrkja i Luster. Måndagskvelden fekk eg vera med på ein flott konsert, «Salmar, kaffi og kvelds» i Solvorn kyrkje med kveldsmat etterpå. Eg har møtt kommunen med ordførar, kommunaldirektør og kommunalsjefar. Eg har møtt elevane frå Joranger på skulebesøk i Joranger kyrkje, og hatt spørjetime med 10. klasse på Luster ungdomsskule og møtt undervisningspersonalet der til gode samtalar. Eg har hatt lunsj på Kafé Kvild og helsa både på dei bak og dei framfor disken. Me har vore på Arbeids- og Treningssenteret og fått innføring i både arbeidstrening og vedproduksjon. Og eg hadde ein flott dag onsdag saman med dei kyrkjeleg tilsette i prostiet.

Det har vore spennande og lærerikt å vera på visitas i denne store kommunen og oppdaga kva de har av verdier både i folk og bygg. Her er levande kyrkjelydar, historisk tyngde og flotte og godt vedlikehaldne kyrkjebygg. Takka til dedikerte kyrkjetenarar og kyrkjevevje for det. Her er både tradisjonsmedvit og lyst til å prøva nye ting. Det vart klart på tysdag då møtte eg sokneråda til ein god samtale om strategi og samarbeid med utgangspunkt i visitasmeldinga.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Kjell Olav Høstaker Nordheim.

(Gudstenesteliv)

Me er i ein kommune der kjærleiken til kyrkja og kyrkjehuset er stor. Desse husa som rommar forteljingane våre langt tilbake i tid, det er dei lange linene. Det som skjer der av tradisjonshendingar og høgtider er viktig for folk. Difor må me finna den beste måten å gje dette vidare til nye generasjonar. Når me ser at både kommunikasjonar og folk sine vanar endrar seg, må me spørja: Kva er den beste fordelinga av gudstenester med dei ressursane me har i dag? Skal alle kyrkjer ha like ofte gudstenester, eller skal ein sjå på folketalet? Skal ein alltid sitja i kvar si kyrkje eller skal ein nokre gonger koma saman til fellesgudstenester? Skal alt vera høgmesse eller skal fellesgudstenestene vera retta mot born og familiar eller vera temagudstenester der ein lærer meir om trua og om Bibelen?

Dette er spørsmål som de må arbeida med. Eg har bede prosten om å laga framlegg til ny gudstenesteforordning som sokneråda må koma med innspel til. Og eg vil at sokneråda skal snakka saman om kva som er naturleg å ha felles og samarbeida om

over soknegrenser. Kall inn tilsette, prestar og musikarar til ein samtale om korleis ein kan laga gode, inviterande gudstenesteopplevingar, gjerne med kyrkjekaffi. Og lag eit årshjul for gudstenester som grunnlag for samarbeid.

Målet er gudstenester, møtestader der folk føler dei kan koma. Me ynskjer at evangeliet om frelsa i Jesus Kristus skal lyda både klart og nært, så menneske kan oppleve Guds kjærleik og nåde formidla i ord og sakrament.

Difor må me feira gudstenester på Herrens dag, og nokon gonger andre dagar, og gje tilbod om både dåp og nattverd. Og framfor alt, difor må me sjølv gå til gudsteneste, for å ta imot og delta i fellesskapet.

(Strategi)

Visitasmeldinga har eit godt kapittel om strategi som stiller dei viktig spørsmåla: Kvar er vi? Kvar vil vi? og Korleis kjem vi dit?

Eit opplagt svar er at i Luster er det mange einingar og dei fleste er små. Og like opplagt er det at nokre utfordringar løyser ein sjølv fordi folk er glad i si kyrkje, medan andre utfordringar får ein ikkje løyst utan å samarbeida.

Samarbeid på like fot er eit stikkord her. Det må til skal ein nå dei mål ein har sett seg. Samarbeid kan vera felles organisering eller felles aktivitet. Eg vil ikkje seia noko om organisering, sokneråda må sjølv finna ut korleis ein vil ha det. Men uansett om det vert endring eller ikkje, er tida mogen for større grad av samarbeid om aktivitetar, både når det gjeld gudstenester, temakveldar, salmekveldar, arbeid for born og unge eller konfirmantarbeidet, for berre å nemna noko.

Eg ynskjer at sokneråda skal møtast på nytt og snakka saman om konkret samarbeid: Kva kan me få til i fellesskap av det me ynskjer å gjera? Lag ein felles plan og sørg for god kommunikasjon både på nettet og elles. Bruk kommunen sine nettsider.

(Kyrkjemusikk)

Eit godt døme på det gode samarbeidet fekk eg vera med på måndagskvelden i Solvorn. Dei to dyktige kyrkjemusikarane og dei sju sokneråda hadde gått saman om å laga ein flott konsert med orgel og toradar, korsong og operasong, fellesskap og kveldsmat.

Eg vart litt overraska då eg spurte: Kor ofte gjer de dette? Og fekk til svar: Det er ved kvar visitas. Altså 14 år sidan sist. Men då vil eg verkeleg utfordra dykk: Dette var så bra, at eit slik samarbeid må de få til oftare, i alle fall ein gong i året.

(Diakoni)

Når det gjeld diakonien vil eg gje dykk ros for det gode arbeidet diakoniutvala gjer med den tradisjonelle diakonien med blomehelsingar og ulike treff for eldre i bygdene. Det gjer kyrkja truverdig og nærverande som aktør i lokalsamfunnet. Det viser verdien i å ha diakoniutval. Men i tillegg har de klart å få til ein ny diakonal møteplass på ein av dei nye samlingsstadane i kommunen, Kafé Kvild på Pyramiden kjøpesenter. Dette er diakoni som når nye grupper anten dei har ein skravlekopp og er klar for samtale, eller berre vil ha ein vaffel og ein triveleg stad å vera. Gode møteplassar er viktige når stadig fleire kjenner på einsemd. Dette vil eg gje dykk ros for.

(Trusopplæring / Kyrkjeleg undervisning og læring)

Trusopplæringa, eller Kyrkjeleg Undervisning og Læring som det no skal heita, er inne i ein ny giv med ein ny trusopplærings-leiar. Planane skal fornyast og då er det flott at de har eit trusopplæringsutval. De har gode ting som de skal vidareføre, til dømes utdelingar, og de arbeider samstundes med nye idear som dåpsduer til dåpsborna. Skal ein nå neste generasjon med den gode budskapet om Guds kjærleik og livet med Jesus, må ein samarbeida, både mellom sokna og med organisasjonane. Eit fint døme på samarbeid er at kyrkja går saman med Gaupne bedehus om Småtrolltrall for 1-4åringar. Dette kan kanskje leggja grunnlag for eit barnekor eller familiekor seinare, for det veit eg at fleire ynskjer. Det gjer seg ikkje sjølv, men kan bli mogeleg i eit samarbeid med frivillige, foreldre, sokneråd og musikarar.

(Takk til kommunen)

Eg vil takka kommunen for eit gode møte med ordførar, kommunaldirektør og kommunalsjefar, og for god dialog og orientering om oppvekstforhold, helse og kommunale utfordringar og satsingar, særleg for ungdom. Takk for at de ser kva kyrkja kan bidra med i lokalsamfunnet og for at de ser dei utfordringar som er der i vedlikehald og gravplassutvidingar.

(Takk)

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, både faste, vikarierande og fungerande, eg vil takka soknerådsrådsleiar, kyrkjeverje og alle dei tilsette som har vore med å skrive

visitasmeldinga, som inneheld mykje god informasjon. Takk til staben for god tilrettelegging og takk til alle frivillige som har bidratt. Takk også til prost Kjell Olav Høstaker Nordheim som har vore med å planlegga og gjennomføra visitasen, og som er biskopens utstrekke arm til sokna i Sogn og i Luster når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig, både i di eiga kyrkje og på fellesgudstenester. Samarbeid med dei andre sokna om å laga inviterande gudstenester og med prosten om å finna ein god gudstenestefordeling.
- Legg til rette for likeverdig samarbeid. Ha felles møte for alle sokneråd og fellesrådet der de kan halda fram med den gode samtalen om samarbeid, organisering og strategi. Vel ut noko de vil satsa på saman og arbeid langsiktig med det.
- Sats på kultur og fellesskap over soknegrensene. Ei hending som «Salmar, kaffi og kvelds» fortener å skje oftare enn ved kvar visitas, minst ein gong i året. Alle sokneråda må gå saman med muskarane og laga ein opplevingsrik kveld anten det vert konsert, salmekveld eller noko anna.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg. Eg reiser heim med mykje takksemd i hjarta og ynskjer Guds velsigning over folket i Fortun, Dale, Nes, Gaupne, Jostedal, Fet og Joranger, Hafslo og Solvorn.

Bjørgvin bispestol, 31. august 2025
Ragnhild Jepsen